

Kurstilbod: Marit med kvitsaum og Magne med ølbryggjing!

19.02.2009



Magne Huglen inviterer til kurs i ølbryggjing på Dønhaug. Her står han mellom dei andre "humlepungane" under ei arbeidsøkt på heimleg grunn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sundag går innmeldingsfristen ut for vårkursa til Kvinnherad Husflidslag og det er kanskje ikkje alle som har fått med seg at også to uskedelingar går ut med eit spanande tilbod:**  
**Marit Langballe inviterer til kurs i kvitsaum til bunad og Magne Huglen skal halda kurs i ølbryggjing.**



Marit Langballe serverer betasuppe på Skorpo. No inviterer ho til kvitsaumkurs. (Foto: Ola Matti Mathisen)  
 Kvitsaumkurret skal som mange av dei andre kursa gå føre seg på Rohuset på Husnes medan ølbryggjarkurret

naturleg nok blir avvikla på Dønhaug.

Førebelser er det eitpar som har sagt seg interessert i å vera med på dei to kursa, men det må føreliggja innmelding frå minst fem for at dei skal bli sett i gang, opplyser Karin Harsvik til uskedalen.no.

Ho slår fast at det ikkje er så lett å driva med kursverksemd for tida, det er så mange konkurrerande tilbod, Men ho minnar om innmeldingsfristen og vonar det vil koma mange innmeldingar no på tampen.

Kvitsaumkurset startar torsdag 12. mars og det er lagt opp til seks kurskveldar.

Ølbryggjarkurset, som har 18-årsgrunne, blir eit helgekurs over 20 timer og tidspunktet blir nærmere avtalt med deltakarane.

Kursprogrammet til husflidslaget inneholder ellers veskekurs for ungdom, krympeboks, saum av bunadsskjorte, villblomst/lappeteknikk, dobbeltsidig quilting, lefsekurs og bregdaband til bunad. Dessutan er det handarbeidskveldar tre onsdagar på Rohuset.

Av Ola Matti Mathisen